



 SparebankenVest



Invitasjon til

# Seljecup 2017

9. - 11. juni



MINIGUTAR



MINIJENTER



LILLEGUTAR



LILLEJENTER



SMÅGUTAR



SMÅJENTER



GUTAR



JENTER



*Det handler om  
respekt, ikke sant?*

**Påmeldingsfrist  
25. april**



***Velkommen til årets fotballfest!***

***[www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)***



VÅRE HOVUDSPONSORAR:

 SparebankenVest

**COOP**  
prix



## Seljecup 2017, 9. - 11. juni

Selje Idrettslag har for 23. gong gleden av å ynskje velkommen til vår tradisjonsrike og svært populære cup. Dei siste åra har det delteke ca. 140 lag med 11-1200 spelarar frå ca.40 klubbar, hovudsakleg frå Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Hordaland.

Kampar, overnatting, matserving og alle aktivitetar føregår i og omkring Selje Idrettspark. Ny og moderne kunstgrasbane gjev flotte spiletilhøve. Kamptidspunkta vert så langt råd tilpassa reiseavstand og ynskje frå klubbane. Vi gjer merksam på at vi må sette ei øvre grense for kor mange lag som kan delta i turneringa. Det løner seg difor å vere tidleg ute med påmeldinga, ”først til mølla.....”

Vi håpar på ein ny cupsuksess med mykje flott fotball, vennskap og glede. La oss alle hjelpe kvarandre til FairPlay både på og utanfor bana Selje IL har i mange år hatt eit stort fokus på FairPlay. På bakgrunn av dette vart klubben både i 2012, 2013 og 2015 kåra til ”Årets FairPlay-klubb” i Sogn og Fjordane. Seljecup har også fokus på FairPlay, noko som vil vise igjen under cupen.

**Velkommen til årets fotballfest i Selje!**

### Klasseinndeling

| Kode                     | Klasse       | fødde etter | Speletid    | Lag  |
|--------------------------|--------------|-------------|-------------|------|
| <b>Miniputt-klasser:</b> |              |             |             |      |
| A G6                     | Gutar 6 år   | 01.01.11    | 2 x 10 min  | 5-ar |
| B G7                     | Gutar 7 år   | 01.01.10    | 2 x 10 min  | 5-ar |
| C G8                     | Gutar 8 år   | 01.01.09    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| D G9                     | Gutar 9 år   | 01.01.08    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| E G10                    | Gutar 10 år  | 01.01.07    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| F J6                     | Jenter 6 år  | 01.01.11    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| G J7                     | Jenter 7 år  | 01.01.10    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| H J8                     | Jenter 8 år  | 01.01.09    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| I J9                     | Jenter 9 år  | 01.01.08    | 2 x 10 min. | 5-ar |
| J J10                    | Jenter 10 år | 01.01.07    | 2 x 10 min. | 5-ar |

### Andre klasser:

|          |                 |          |             |      |
|----------|-----------------|----------|-------------|------|
| K G11    | Gutar 11 år     | 01.01.06 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| L G12    | Gutar 12 år     | 01.01.05 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| M J11    | Jenter 11 år    | 01.01.06 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| N J12    | Jenter 12 år    | 01.01.05 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| O G13    | Gutar 13 år     | 01.01.04 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| P G14    | Gutar 14 år     | 01.01.03 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| Q J13    | Jenter 13 år    | 01.01.04 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| R J14    | Jenter 14 år    | 01.01.03 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| S G15    | Gutar 15 år     | 01.01.02 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| T G16/17 | Gutar 16/17 år  | 01.01.00 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| U J15    | Jenter 15 år    | 01.01.02 | 2 x 13 min. | 7-ar |
| V J16/17 | Jenter 16/17 år | 01.01.00 | 2 x 13 min. | 7-ar |



### Turneringsplan

Hovudturneringa med klasser frå 11-16 år er frå fredag-søndag (avslutning ca. kl. 14). Overnattande lag spelar ikkje kampar på fredag.

Mini-turneringa med klasser frå 6-10 år, går på søndag frå ca.14.30-18.30.

**Miniklasser: G6, G7, G8, G9, G10, J6, J7, J8, J9, J10 (5-ar)** I miniklassane vert turneringa avvikla på søndag 11. juni. Alle laga spelar 3 kampar. Vi oppfordrar klubbane om å melde på reine minijentelag. For å gje eit best mogeleg kamptilbod kan einiskilde klassar bli slegne saman, dersom antal påmelde lag tilseier det.



Sogn og Fjordane Fotballkrets si terminfesta mini-turnering, ”Kongleriket”, inngår som ein del av Seljecup 2017. Vi ynskjer også andre

klubbar velkomne med minilag. Det har dei siste åra delteke totalt ca.55-60 mini-lag på Seljecup.

**Klassane: J11, J12, G11, G12 (7-ar)** For overnattande lag vil kampene i utgangspunktet gå på laurdag og søndag, med totalt ca. 5 kampar. For ikkje overnattande lag vil kampene i utgangspunktet bli avvikla på laurdag med minst 3 kampar.

**Klassane: J13, J14, G13, G14 (7-ar)** Etter innleieande kampar med gruppespel på laurdag, vert det sluttspel på søndag. Dersom mange nok lag vert det både A- og B-sluttspel.

**Klassane: J15, J16/17, G15, G16/17 (7-ar)** Kampene vert i utgangspunktet spelt fredag kveld med avsluttande finalar. Dersom mange lag vert det både A- og B-sluttspel, og mogeheit for kampar også på laurdag. Ved få påmelde lag vert det samanslegne klasser G15/16/17 og J15/16/17.



## Reglement og dispensasjoner

\* **Dispensasjonar/overrårige:** Spelar som i serien har godkjent dispensasjon frå eigen krets kan delta. Sogn og Fjordane Fotballkrets sine reglar gjeld. På 7-ar lag maksimum 1 spelar med dispensasjon inkl. innbyttarar. På 5-ar lag kan det ikkje nyttast dispensasjonsspelarar. I særlege tilfelle kan cupen innvilge unntak frå reglane. Vi minner om at bruk av spelarar med dispensasjon er siste utveg, ikkje for å styrke laget sportsleg, men for å gje den einskilde spelar eit tilbod.

\* **Samansette lag i kretsserien:** må saman med påmeldinga vedlegge stadfesting frå eigen krets om at laget også spelar som eit samansett lag i kretsserien.

\* Ein spelar kan berre spele på eit lag i same klasse.

## Dommarar

Vi ber om at klubbar som har dommarar som vil delta, gjev melding om dette ved påmelding eller tek kontakt med oss. Vi tilbyr gratis kost og losji for dommarar.



## Premiar

Seljecup 2017 vil følgje opp våre tradisjonar med flotte premiar til alle deltakarar.

Alle spelarar får individuell deltakarpremie. Pokalar til dei 4 beste laga i kvar klasse i A-sluttspel, 3 beste laga i B-sluttspel.



## Prisar

**Miniklasser 6 - 10 år**

**Påmeldingsavgift:** kr. 700 pr. lag.

**Deltakaravgift:** A-kort: kr. 150. Deltakarpremie.

For lag påmelde SFFK mini-turnering "Kongleriket" avd. Ytre Nordfjord er alt gratis.

## Andre klasser 11 - 17 år

**Påmeldingsavgift:** kr. 700 pr. lag.

**Deltakaravgift:** Alle må ha A- eller C-kort, ca. antal bestillast ved påmelding.

**A-kort:** kr. 150. Deltakarpremie.

**C-kort:** kr. 750. (inkl. overnatting og mat m.m.). Gjeld både for spelarar og leiarar.

Overnatting på skule, barnehage og andre lokaler: fredag til søndag (alle må ha med liggjeunderlag og sovepose). 5 måltid: fredag kveldsmat, laurdag frukost/lunsj/middag, søndag frukost + lunsjpakke. Deltakarpremie. Med i trekninga av gåvepremiar. Gratis adgang til cupdiskotek laurdag kveld.

Vi reknar med at dei fleste overnattande lag kjem fredag kveld. Dersom laget ikkje ynskjer å kome før laurdag, må dette i tilfelle skrivast på påmeldinga av omsyn til kampoppsettet.



## Overnatting

\* **Seljecupens overnatting C-kort (må bestillast saman med påmeldinga):**

Det brukar å vere stor rift om overnattingsplassane. Cupens populære C-kort inkluderer overnatting frå fredag til søndag, alle måltid m.m.

Overnattingsstader i Selje sentrum: Selje skule, Selje barnehage, klubbhus og andre lokaler.

Andre aktuelle overnattingstader (ca.10min frå Selje sentrum). Meir info. kjem på [www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)

\* **Privat overnatting (må bestillast direkte med overnattingsstaden):**

Selje Camp og Hyttesenter (tlf. 57 85 62 43)

Selje Turistinformasjon (tlf. 40 44 60 11)

[www.nordfjord.no](http://www.nordfjord.no) E-mail: [turistinfo@selje.kommune.no](mailto:turistinfo@selje.kommune.no)



## Påmelding/tidsfristar/betaling

Vi opplever ofte at cupen blir fullbooka. Ver difor tidleg ute med påmeldinga, "fyrst til mølla" gjeld.

\* **25. april: Siste påmeldingsfrist**

Påmelding kan skje elektronisk via link (Tournament x) på vår heimeside: [www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)

eller send mail til [seljecup@online.no](mailto:seljecup@online.no) Laga vert registrert etter tidspunktet for innbetalt påmeldingsavgift.

\* **Innan 15. mai: Betaling deltakaravgift**

Frist for betaling av individuell deltakaravgift (A- eller C-kort) er 15. mai. Dersom det blir innbetalt for lite eller for mykje på førehand i høve antal spelarar, kan dette rettast opp ved innsjekking på cupen.

Påmeldingsavgift (kr. 700 pr. lag) vert ikkje refundert dersom eit lag trekkjer seg etter 15. mai.

\* **Innan 1. juni: Kampoppsett**

Kampoppsett vert sendt ut seinast innan 1. juni. Lag som evt. trekkjer seg etter dette, kan ikkje gjere rekning med å få refundert innbetalt individuell deltakaravgift (A- eller C-kort).



Velkommen til Seljecup - [www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)



## Seljecup 2017 - andre opplysningar

- \* Tradisjonsrik og populær cup, der det er lagt til rette for at både barn og voksne kan kose seg. Overnatting, mat og alle aktivitetar er samla i og omkring Selje Idrettspark.
- \* Ny flott kunstgrasbane gjev gode speletilhøve.
- \* Populært cupdiskotek m/DJ og karoke laurdag kveld. Gratis for alle med C-kort, andre betaler kr. 50.
- \* Kiosk, kafe/serveringstelt og fruktsal. Grilling laurdag og søndag ettermiddag. Våre kokkar syter for framifrå matservering.
- \* Lagleiartreff med enkel servering laurdag kveld.
- \* Eit rikholdig program også utanom kampene med aktivitetar og konkuransar.
- \* Selje har mykje å by på sommarstid som t.d. Seljesanden,

Selje kloster, Vestkapp, Dragseidet med Olavskrossen, surfing i Hoddevik, fjelltur i merka turløyper, fiske, golf eller andre ting. Ta med familien, og sett av denne helga til eit besøk i kystperla Selje!



### Seljecup 2017:

Adresse:

**Seljecup 2017,  
Fotballgruppa  
6740 Selje**

E-post:

[seljecup@online.no](mailto:seljecup@online.no)

Bankkonto:

**3845.07.10374**

Heimeside Seljecup:

[www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)

Heimeside Selje Fotball:

[www.seljefotball.no](http://www.seljefotball.no)

Kontaktpersonar:

Cupinfo:

Atle Solheim

99 24 76 87

[seljeil@online.no](mailto:seljeil@online.no)

Matservering:

Anne-Britt D. Rekdal

95 84 46 84

[anne\\_britt\\_65@hotmail.com](mailto:anne_britt_65@hotmail.com)

com

Svein Rekdal

41 69 18 42

[srekdal@online.no](mailto:srekdal@online.no)

Overnatting:

Trond Sætren

41 28 72 07

[trond.setren@gmail.com](mailto:trond.setren@gmail.com)



# VI ER HER, FOR SELJECUP.



Du skal sleppe å sjå oss på bana, men vegen fram er vi med på.



**Velkommen til Seljecup - [www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)**